



Uskedal-hamna vart berre nummer 18 dette året. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedal Båtlag vart i fjor nummer åtte i tevlinga om å bli "Årets Båthavn" som Båtmagasinet held. Så bra gjekk det ikkje dette året – hamna kom heilt nede på 18.-plassen då oppteljinga var klar.**

Husnes makta for sin del ikkje å følgja opp suksessen frå i fjor og året før, då hamna gjekk heilt til topps. Men det vart ein heiderleg fjerdeplass.

Dette året var det Bekkjarvik i Austevoll som kunne smykke seg med sigeren, foran Helgøysund i Ryfylke og Knutholmen i Bremanger.

Det var hard kniving mellom Bekkjarvik og Helgøysund heilt til siste slutt.